

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
020/23	Formannskapet	PS	23.02.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	Gbnr-160, FA-L13, Komnr-4632	21/533

Planprogram til Detaljregulering av næringsområdet N 18 i Øksnesmarka del av gnr. 161 og gnr. 160, planid 2021003- Godkjenning

Vedlegg:

Norconsult AS - Planprogram Øksnesmarka til stadfesting i Austrheim kommune - gbnr 160 gbnr 161

Vedlegg 7.2_sak i formannskapet Øksnesmarka

Vedlegg 7.3 studie - Sirkulær og bærekraftig næringsutvikling på Øksnesmarka

Vedlegg 7.4 Oppsummering innspel Øksnesmarka

Vedlegg 7.5 kopi av innspel Øksnesmarka

Vedlegg 7.1 _Notat nmf- kunnskapsgrunnlag til KU Øksnesmarka

rapp_Planprogram Øksnesmarka – revidert til stadfesting

Framlegg til vedtak:

Planprogram for Detaljregulering av næringsområdet N 18 i Øksnesmarka del av gnr. 161 og gnr. 160, planid 2021003 vert godkjent slik det ligg føre.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 4-1, § 12-9 og § 14-2 og Forskrift om konsekvensutredninger FOR-2017-06-21-85.

Formannskapet - 020/23 - 23.02.2023

FS - behandling:

Avdelingsleiar plan, Asbjørn Toft, gjekk gjennom saka jamfør saksutgreiinga.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte om korleis det påverkar arbeidet at kommunen sitt område er innanfor planområdet.

Her svara Asbjørn Toft at det ikkje er uvanleg. Kommunen sitt areal er regulert til næring i kommunedelplanen.

Ordførar Per Lerøy (Ap) la til at eigar kan seia at ein vil eller ikkje vil nytta området i tråd med reguleringsplanen, etter at området er ferdig regulert.

Asbjørn Toft sa at det er opp til politikarane å sjå på kva ein skal ta ut av planområdet. Har sagt at det er naturleg å regulera det arealet som er avsett til næring og sjå dette i fellesskap. Kan verta grøntareal, buffer eller næringsområde, det vert opp til politikarane å avgjera.

Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) spurte om fylkesveg 568 ikkje med i planen med tanke på tiltak, og sa at han skulle ønskt seg at fylkesveg 568 var med. Her kommenterte ordførar Lerøy med at Statens vegvesen (SV) nok vil komma med sine kommentarar undervegs i dette arbeidet, og Asbjørn Toft sa at SV kan stilla rekkjefølgjekrav om breiare veg eller gang/sykkelveg, at dette skal leggest inn i planen eller regulerast spesielt.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at sentrale her er den presentasjonen med moglegheitsstudiet som vart laga, synest ikkje at det er fast fisk med sirkulær og berekraftig næring. Det er nok næringsareal i kommunen andre stader. Kjem til å røysta mot for å markera motstand mot denne bruken. Framtidige generasjonar kan få vurdere dette sjølve.

Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) spurte om tilkomstveg frå Dyrneskrysset er inkludert, her svara Toft at tilkomst med veg og straum etc. vert inkludert i utgreiingsarbeidet som skal gjerast. Kommunedirektør og politikarar må sjå til at dette vert vurdert skikkeleg av dei som skal gjerast arbeidet.

Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) viste til at det er programfesta i Sp at ein er mot næring i Øksnesmarka, og han vil stemma i mot.

Per Lerøy (Ap) viste til at dette er i tråd med kommuneplanen, men står fritt til å røysta for eller mot.

Morten Sognnes (H) sa at informasjonen lagt fram av Norconsult var interessant. Kjenner seg trygg på at vegvesen og ande vil ta omsyn til trafikken i dette. Høgre vil støtta framlegget.

Inger Lise Brekke (H) sa at det er mange omsyn i denne saka, bevare myr, tryggare vegar, biltrafikk og mjuke trafikantar. Kjenner seg trygg på at dette kjem opp i konsekvensutgreiinga, og det vil komma opp igjen i neste runde.

Per Lerøy (Ap) sa at det er i reguleringsplanen at desse plussane og minusane vil komma opp. Er kamp mellom kommunane om å få til ein vekst for å vera eit berekraftig samfunn i framtida, der mange distriktskommunar vil få store utfordringar med lite næringsliv. Treng privat verdiskaping for å halda samfunnet oppe. Erfaringa frå batterifabrikk-vurderinga er at det er viktig å stå klar med areal, investorane ønskjer ikkje å venta på reguleringsplan, dei ønskjer å komma i gang på veldig kort varsel. Viktig å ha dette arealet i bakhand til investorane.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er veldig mykje næringsareal tilgjengeleg også i nærare framtid knytt til Mongstad, både i Austrheim og på Alver-sida av kommunegrensa. Om behovet skulle dukka opp seinare er det mogleg for kommande generasjonar å vurdere dette. Spurte om reguleringsstatus på nytt næringsområde, fekk til svar at det er 500 mål som er nesten ferdig regulert ved Mongstad. Dyrkolbotn sa at han ikkje stola heilt på moglegheitsstudien, det er ingen fast fisk i at det er dette som kjem på plass.

Per Lerøy (Ap) sa areal på Mongstad til dels er eigd av Austrheim kommune, men også av Equinor og andre, der desse kan ha eigne føringar på kva næring dei ønskjer og kva prisar dei set på dette. Alver kommune sitt areal er ikkje ferdig regulert.

Inger Lise Brekke (H) sa at det er viktig med små og mellomstore bedrifter og det private næringslivet. Dei omsyn som ein skal ta til berekraftig utvikling skal ivaretakast i prosessen med konsekvensutgreiinga som skal gjerast. Må sjå på kva næringar som passar best i Austrheim, regionen er ein felles bu- og arbeidskommune der enkelte verdiar kan vera viktige å bevare og så er kanskje areal i andre kommunar betre eigna til denne type utvikling.

Per Lerøy (Ap) sa at det er dette med kva type næring som kan komma, er noko ein skal ta stilling til seinare i arbeidet når reguleringsplanen er ferdig. Noko steinuttak skal ein ikkje ha, det vil eg røysta mot, og det skal ikkje reguleringsplanen opna for. Her er det eit næringsareal som skal ligga klart for marin næring.

Administrasjonen orienterte om at planen kan vera klar i 2024, avhengig av om det kjem motsegner, klager eller anna.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med tre mot to røyster. Per Lerøy (Ap), Inger Lise Brekke (H) og Morten Sognnes (H) røysta for. Helge Dyrkolbotn (KrF) og Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) røysta mot.

FS vedtak:

Planprogram for Detaljregulering av næringsområdet N 18 i Øksnesmarka del av gnr. 161 og gnr. 160, planid 2021003 vart godkjent slik det ligg føre.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 4-1, § 12-9 og § 14-2 og Forskrift om konsekvensutredninger FOR-2017-06-21-85.

Saksopplysninger:

Planleggingsfirmaet Norconsult AS har den 05.01.2023 levert revisjon av planprogram for ***Detaljregulering av næringsområdet N 18 i Øksnesmarka del av gnr. 161 og gnr. 160, planid 2021003***. Planarbeidet er igangsett med bakgrunn i at delar av planområdet gjennom kommuneplanen sin arealdel er avsett til næringsområde. Det er krav om utarbeiding av detaljreguleringsplan for å tillate utbygging av området.

Generelt skal alle planar som kan ha vesentleg verknader for miljø, naturressursar, kulturminne eller samfunn ha eit planprogram som grunnlag for planarbeidet. Det skal utarbeidast ein plan med konsekvensutgreiing i samsvar med plan- og bygningslova § 12-3. Planprosessen opnar opp for å få fram meiningar og kunnskap om aktuelle planutfordringar og utgreiingss spørsmål.

Austrheim kommune sitt formannskapet vedtok i møte den 12.05.2022 (saksnr. 046/22) å senda planframlegget til planprogram ut på offentleg ettersyn. Vedtaket var:

Forslag til planprogram for ***Detaljregulering av næringsområdet N 18 i Øksnesmarka del av gnr. 161 og gnr. 160, planid 2021003*** vart med føringar gjeve i saksutgreiinga sendt ut på offentleg ettersyn. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-9 og § 14-2 og Forskrift om konsekvensutredninger FOR-2017-06-21-85.

Planområdet vart etter ynskje frå forslagstillar då noko mindre enn næringsområdet N18 (555 dekar) som er avsett i kommuneplanen. Planprogrammet var på høring sommeren 2022, med høringsfrist 15. august. Norconsult AS har på vegne av tiltakshavar Odd Haugen, gått gjennom alle merknadane til høyringa og har laga framlegg til revisjon av planprogrammet. Forslagstillar ber no om at planprogrammet datert den 11.11.2022 vart teke til handsaming for endeleg fastsetting. Alle innspel og samandrag av innspela med kommentar frå Norconsult AS er vedlagt i saka. Merknadane er frå:

- 1. Statsforvaltaren i Vestland**, datert den 11. august 2022
- 2. Fylkeskommunen i Vestland**, datert den 18. august 2022
- 3. Fiskeridirektoratet**, datert den 4. august 2022

4. Aksjonsgruppe «Nei til rasering av Øksnesmarka og Åråsvågen» v/ Tore Svendsen, datert den 8. august 2022
4. Bygdelista i Austrheim v/ Jan Erik Espelid, datert den 3. august 2022
5. Forum for natur og friluftsliv, datert den 15. august 2022
6. Naturvernforbundet Nordhordland, datert den 3. august 2022 og tilleggsmærknad 4. august 2022
7. Nordhordland turlag, datert den 15. august 2022
8. Ola Moen, datert den 15. august 2022
9. Vidar Mjøs, datert den 21. juni 2022
10. Åråsvågen velforening, datert den 10. august 2022

Ein kan sjå samandraga av alle merknadar og kommentar frå Norconsult AS til desse i vedlegg 7.4: **Oppsummering innspel Øksnesmarka**. Vedlegg 7.5 viser alle merknadane til planprogrammet.



Moglegstudie over næring i Øksnesmarka:

Det er og utarbeidd som eit vedlegg til planprogrammet eit moglegstudie (datert den 12.07.2022) **«Sirkulær og bærekraftig næringsutvikling på Øksneset, Austrheim kommune»**. Moglegstudiet som er utført viser kva som kan vere aktuelt å etablere på område. Det er utarbeidet av Norconsult AS som del av oppdraget med planarbeidet.

Norconsult AS skriv følgjande:

Det er tatt utgangspunkt i mulighetsrommet rundt sirkulær næringsutvikling i forbindelse med tilgjengelig husdyrgjødsel¹ ved det aktuelle arealet. Videre er det lagt til grunn at det kan etableres et landbasert oppdrettsanlegg, og det er gjort en vurdering av et begrenset antall næringer som kan ha nytte av hverandre i en sirkulær bioøkonomisk sammenheng. Studien er gjennomført på et overordnet nivå og er, for utenom biogass- og gjødselproduksjon, begrenset til næringer som i hovedsak er basert på mat- og fôrproduksjon.

Vegkart for sirkulære næringer på Øksneset er vist under i rapporten slik:



Figur 1: Det aktuelle planområdet lagt inn på kommuneplanen sin arealdel.

Planområdet med vegtilkomst frå fylkesveg 568 er vist over

Føresegn 2.1.3 bokstav J, til kommuneplanen sin arealdel som vart godkjent den 11.04.2019 seier

følgjande: «Næringsområdet N18 Øksnesmarka er eit potensielt næringsområde som ikkje er tilstrekkeleg utgreidd til å kunne nyttast til utbygging. Før det kan gjevast løyve til å nytte området eller deler av området til formålet næring, må det utarbeidast reguleringsplan med utfyllande konsekvensutgreiing som grunnlag for vurdering av bruken av området. Konsekvensutgreiinga skal m.a. innehalde utgreiingar om naturmangfaldet der det inngår kystlynghei, naturbeitemark, kystnedbørsmyr og sommarfuglen breibandpraktviklar.»

Konsekvensutgreiinga skal identifisera og skildra faktorar som kan verta påverka, og vurdere vesentlege verknader for miljø og samfunn. Konsekvensutgreiinga skal også skildra dei tiltak som er planlagt for å unngå, avgrensa, istandsetja og, dersom mogeleg, kompensera for vesentlege skadeverknader for miljø og samfunn både i bygge- og driftsfasen.

Det er lagt ved eit notat i saka datert den 03.09.2021 som heiter **Detaljregulering Øksnesmarka – naturmangfald og kunnskapsgrunnlag til konsekvensutgreiing**. Her står det at: Øksnesmarka er eit stort naturområde, samanhengande og inngrepsfritt. Det er variert med innslag av vassdrag og fleire sjeldne naturtypar og spelar ei viktig rolle som eit økologisk funksjonsområde for fleire artsgrupper. Mesteparten av registreringane utgjer livskraftige artar (LC*), som er vanleg førekomande, men det er også registreringar av meir sjeldne artar som er raudlista eller er av nasjonal forvaltningsinteresse. Mest aktuell er sommarfuglen breibandpraktviklar som er sterkt truga (EN*).

På synfaring juni 2021 vart det observert ein ny raudlista fugl i tiltaksområdet, dette er songlerke. Når det gjeld kartlagde naturtypar i/ved planområdet er det registrert eit større felt av kystlynghei med B verdi (viktig). Planområdet ligg delvis innanfor den kartlagde lokaliteten. I Øksnesmarka har det tidlegare vore planta skog, der sitkagran (svært høg risiko-SE) no er dominerande treslag, men og buskfuru/bergfuru (SE) og europalerk (NR) veks i området. Skogsvegetasjonen har dei seinare tiåra spreidd seg utover fastmarka (dvs. ikkje tresatt areal) evt. vert planta fleire stader, og er no ein trussel for dei eksisterande naturtypane kystlynghei og kystmyr.

Det vedlagte reviderte planprogrammet som er datert den 11.11.2022 ser slik ut på framsida:

Odd Haugen AS

► Planprogram Øksnesmarka

Detaljregulering av næringsområdet N 18 i Øksnesmarka del av gnr. 161 og gnr. 160, planid 2021003



Norconsult

Planprogrammet skal gjere greie for føremålet med planen, planprosessen, medverknad, alternativ

og behov for utgreiingar. Krav om konsekvensutgreiing følgjer i dette tilfellet direkte av krava i føresegner til kommuneplan. Tiltakshavar ser føre seg ei trinnvis utbygging av området og at planen dermed kan ha ulik grad av detaljering. I forkant av planprogrammet er det utført ei alternativsvurdering av trasear for tilkomstveg og det er den tilrådde vegtrase som er presentert i planprogrammet. Det vert vurdert ulike løysingar for hamn. Ei løysing kan vere å sprengje seg inn i området og etablere kai der. Planarbeidet vil avklare om det ligg til rette for massebalanse og eventuelt korleis eit masseoverskot skal handsamast. Under pkt. 2.2 står det om den planlagte framdrifta.

Utgreiingstema er vist under kap 6. I samsvar med innspel frå Statsforvaltaren vert det gjennomført kartlegging av naturtypar i heile planområde i samsvar med NiN-metodikk (Naturtypar i Norge). Konsekvensar for tema landskapsbilde, naturmangfald, kulturarv, friluftsliv og naturressursar vert konsekvensutgreidd med utgangspunkt i Statens vegvesen handbok V712. Klimagasrekneskap, ROS, vassmiljø, friluftsliv, infrastruktur, overvatn og kulturarv medmeir skal og utgreiast. Avsnitt 6.12 viser oppsummert utgreiingsprogram.

Vurdering:

Kommunedirektøren synes planprogrammet på ein oversiktleg måte gjer greie for føremålet med planen, planprosessen, medverknad, alternativ og kva behov det er for utgreiingar. Det gjer planarbeidet vidare førande frå A-Å. Det kjem då inn viktig informasjon og kunnskap som då må utgreiast vidare.

Kommunedirektøren synes samandraga av alle merknadar og kommentar frå Norconsult AS i vedlegg 7.4: **Oppsummering innspel Øksnesmarka** er handsama på ein skikkeleg måte og er fagleg forsvarleg. Han sluttar seg til kommentarane i dette dokumentet og ser at mykje av innhaldet i merknadane er teke inn i revidert planprogram.

Det er og utført moglegstudie av kva som kan vere aktuelt å etablera i næringsområdet. Det gjer planarbeidet meir førande og viser kva aktivitet/næring som kan, og som ikkje kan vera her. Planlagt framdrift synes realistisk ut og er vist i planprogrammet slik:

Mai 2022:	Kunngjering av oppstart av planarbeid og høyring av planprogram
Mai – august 2022:	Høyring av planprogram, 6 veker
September-desember 2022:	Mulighetsstudie, revisjon av planprogram
Januar 2023:	Fastsetting av planprogram
Januar-august 2023:	Utarbeiding av reguleringsplan med KU
April-Juni 2023:	Naudsynte kartleggingar av naturmangfald og arkeologi
September 2023:	Politisk behandling av reguleringsplan med KU
Oktober-desember 2023:	Høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplan/KU
Februar 2024:	Vedtak av reguleringsplan og KU

Kommunedirektøren vil informera om at utarbeiding av endeleg planframlegg med plankart, planføresegner og planomtale, samt konsekvensutgreiing, skal skje med bakgrunn i fastsett planprogram. Oppsummert utgreiingsprogram på side 17 og 19 viser på ein oversiktleg måte kva som skal gjerast. Kommunedirektøren vil peike på at sjølve planprogrammet utanom alle vedlegga totalt er på 19 sider, og det må lesast for at ein skal forstå det omfattande utgreiings- og planarbeidet vidare.

Kommunedirektøren har ingen merknadar til det reviderte planprogrammet, og han vil difor tilrå at det reviderte planprogrammet datert den 11.11.2022 med naudsynte vedlegg vert godkjent slik det no ligg føre.

Konklusjon:

Planprogram for Detaljregulering av næringsområdet N 18 i Øksnesmarka del av gnr. 161 og gnr. 160, planid 2021003 datert den 11.11.2022 vert godkjent slik det ligg føre.